



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Protokoll frå møte i Ulstein sokneråd

Tid: 10.04.2024 kl. 19:00

Stad: Kyrjekontoret

Desse var til stades:

Odd Arne Vikebakk	Leiar
Silje Kiperberg Aksnes	Medlem
Linda Hasund	Medlem
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Gunn Marthe Veddegjerde Pieroth	Medlem
Øyvind Grimstad Hagen	Medlem
Berge Myrene	Medlem
Margit Lovise Holte	geistleg representant
Beate Hopland Langnes	1. vara
Monica Leine Tokheim	2. vara

Forfall

Ingrid Redse Mjaaseth	Medlem
Christfried Kaul	sekretær

Sakliste

Saksnr	§	Sakstittel	Arkivnummer
S-2024/13		Gudstenesteliste hausten 2024	
S-2024/14		Oppfølging felles møte sokneråd og stab	

Godkjenningar

Protokoll møte mars: Ingen kommentar, godkjent

Innkalling og sakliste: godkjent

Sakliste:

Vedlegg:

- Oversikt over gudsteneste vart sendt ut i etterkant.
- Plan årsmøte

Meldingar:

S009 Referat frå møtet i vedlikehaldsutval for Ulstein kyrkje

Vedlegg: Referat

Utvalet hadde sitt første møte 18.03. Det er laga ei oversikt over prosjekt, ei fordeling og ei prioritering av oppgåvene.

Innspel: Margit spelar inn eit ynskje om at når dei får tid er det fint om dei kan sjå litt på utforming av barnekroken i kyrkjerommet.

S010 Referat frå møtet i gudstenesteutval for Ulstein kyrkje

Vedlegg: Referat

Utvalet hadde sitt første møte 02.04. Utvalet drøfta konkrete innspel til gudstenesteplanen for hausten 2024, men også nokre generelle punkt når det gjeld gjennomføring av gudstenester.

F011 Godkjenning av flytting investeringsmidlar frå 2026 til

Vedlegg: Utdrag frå protokoll Kommunestyremøte 21.03.2024

Ulstein Kommunestyret vedtok i sak P32/24 å flytte kr. 875.000 frå investeringsramme Ulstein kyrkje 2026 til 2024 Investeringa skal brukast til å bygge om våpenhuset i Ulstein kyrkje.

F012 Deltidsengasjement vikar for kyrkjelydssekretær

Det er gjort avtale med Annelise Kleven Godø om å vere vikar for kyrkjelydssekretæren i 10% til over sommaren.

Ekstra orientering: Køyreplan Årsmøte 14.04.2024

Ulsteinvik, den 19.04.2024

Odd Arne Vikebakk	Silje Kiperberg Aksnes
Leiar	Sekretær

S-SAK 2024/13 Gudstenesteplan hausten 2024

UTGREIING

Vedlegg:

Utkast til gudstenesteplan

Gudstenesteutval har hatt møte 02.04.2024. Staben har hatt planleggingsdag, 03.04.2024. Gudstenestelista som er lagt fram tek med innspel frå desse møta. Ulstein kyrkje har eit rikt gudstenesteliv med mange gode tradisjonar. Det skal leggjast til rette for regelmessige muligheit for dåp, nattverd og minning. Gudstenesteplanen tek utgangspunkt i kyrkjeåret rytme og sikter til ei brei involvering og samarbeid med musikk- og organisasjonslivet. Det vil også vere 3 NRK-overførte TV- og radiogudstenester.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sak blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

HANDSAMING

- Kjekt å sjå at ulike innspel og det som har vore snakka om tidlegare blir jobba for å integrere i planen.
- Ei utegudsteneste er positivt å ha med på sommar eller tidleg haust om ein ser det er mogleg å gjennomføre
- Odd Arne lurar på om det kan vere aktuelt å inkludere nattverd i bønnevandring i staden for å ha det i etterkant. Margit stadfester at ein kan det, vil sjå nærare på det.
- Beate kjem med innspel om at ein kan sjå litt på estetikken i t.d. skilt/bønelappar. Soknerådet støttar dette, og Beate vil sjå litt på det når ho får tid.
- Margit fortel at ein jobbar med å få inn presentasjonsgudsteneste i planen, dette kan verte aktuelt å ha på ein onsdag/torsdag.

VEDTAK

Soknerådet vedtek gudstenestelista slik ho ligg føre med dei momenta som no har vore diskutert.

S-SAK 2024/14 Oppfølging felles møte sokneråd og stab

UTGREIING

Vedlegg:

Notat frå temasamtale under planleggingsdag av staben 03.04.2024

Arbeidsutvalet for sokneråd har drøfta oppfølging av felles møte mellom stab og sokneråd og foreslått at staben bør kome med innspel, men ber også utvala om å ta opp tema frivilligheit for sitt område.

Soknerådet skal orienterast i april- møte, men handsame frivilligheit som ei vedtakssak i maimøte.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sak blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

HANDSAMING / PUNKT Å JOBBE VIDARE MED

Margit går gjennom referatet og fortel litt rundt det.

Soknerådet drøfta ein del av dei momenta som var framme i referatet og har i tillegg desse innspela:

Odd Arne: Skal vi utarbeide ein kommunikasjonsstrategi?

Berge: Kan det vere aktuelt å undersøke interne og eksterne ressursar som kan bidra i dette arbeidet? Evt. også med logo og visjon. Ein gjennomført strategi

Margit: Visuelt materiale er det stor tilgang til i DNK. Dette kan ein sjå i t.d. årsmeldinga.

Øyvind: Viktig å synleggjere kva ein treng frivillige til. Kommunisere aktivt ut kva arbeidsoppgåver og tenester ein kan gå inn i.

Cecilie: Trur det er mange som kan tenke seg å bidra, men som syns det er vanskeleg å ta direkte kontakt. Difor er det viktig å ha nokre møtepunkt og inngangsportar, som t.d. strikkekafe og at det er enkelt å melde seg. Då kan ein etter kvart bli dratt inn i fleire oppgåver.

Margit: Vil utfordre utvala til å finne ut korleis ein kan nå ut til innbyggjarane og lage miljø rundt dei som ynskjer og kan bidra på ulike måtar. Organiseringa er ein nøkkel for å nå ut i størst mogleg grad.

Berge: Klarer vi å få vi plass til alle som vil? Er der noko å gjere til alle?

Der er også nokre avgrensingar som stoppar ei integrering i breidda i frivilligheit. T.d. teiepliktige oppgåver, eller strenge reglar mtp. vedlikehald/oppussing av kyrkja.

VEDTAK

Det blei ikkje fatta noko vedtak i saka.